



# Folkehelseplan

2019 – 2023

# Innhold

|                                                                          |           |
|--------------------------------------------------------------------------|-----------|
| <b>FØREORD .....</b>                                                     | <b>2</b>  |
| <b>SAMANDRAG .....</b>                                                   | <b>3</b>  |
| INNLEIING .....                                                          | 3         |
| <i>Føremålet med planen .....</i>                                        | <i>3</i>  |
| <i>Oversiktsarbeid.....</i>                                              | <i>3</i>  |
| <i>Fokus .....</i>                                                       | <i>3</i>  |
| <i>Sentrale føringar .....</i>                                           | <i>3</i>  |
| <i>Lokale føringar .....</i>                                             | <i>4</i>  |
| <i>Om planen .....</i>                                                   | <i>4</i>  |
| TILHØVE TIL ANDRE KOMMUNALE PLANAR .....                                 | 4         |
| KOMMUNEROLLA I ENDRING .....                                             | 5         |
| STATUS OG VIDARE ARBEID .....                                            | 6         |
| <i>A Befolkningsammansetting, indikatorar .....</i>                      | <i>7</i>  |
| Befolkningsutvikling .....                                               | 7         |
| Innvandring/inkludering .....                                            | 7         |
| <i>B Oppvekst og levekår, indikatorar .....</i>                          | <i>7</i>  |
| Inntekt og sysselsetting .....                                           | 8         |
| Barn og oppvekst .....                                                   | 9         |
| Utdanning .....                                                          | 10        |
| <i>C Fysiske, biologiske, kjemisk og sosialt miljø, indikatorar.....</i> | <i>11</i> |
| Nærmiljø .....                                                           | 12        |
| Kultur .....                                                             | 12        |
| Frivillige organisasjonar .....                                          | 12        |
| <i>D Skader og ulykker, indikatorar .....</i>                            | <i>13</i> |
| <i>E Helserelatert åtferd, indikatorar.....</i>                          | <i>13</i> |
| <i>F Helsetilstand, indikatorer .....</i>                                | <i>14</i> |
| ANBEFALTE FOKUSOMRÅDE :.....                                             | 16        |
| <i>Nærmiljø.....</i>                                                     | <i>16</i> |
| <i>Fysisk helse .....</i>                                                | <i>16</i> |
| <i>Psykisk helse og rus .....</i>                                        | <i>17</i> |
| <i>Aktive og deltakande eldre som får bu lenge heime .....</i>           | <i>17</i> |
| <b>VEDLEGG .....</b>                                                     | <b>17</b> |
| Aktuelle lover og planar:.....                                           | 17        |


## Føreord

Folkehelse handlar om trivsel, inkludering og livskvalitet. Denne planen er Hå kommune sin kommunedelplan for folkehelse, og er vår strategiske plan for folkehelsearbeidet i Hå kommune dei neste fire åra.

Målet med folkehelsearbeid er å redusera sosial ulikskap i helse og sikra gode leveår med god helse og livsvilkår for innbyggjarane. Me ynskjer å førebygga i staden for å reparera.

90% av det førebyggjande arbeidet føregår i andre sektorar enn helsesektoren. Det er difor naudsynt å ha særleg fokus på tverrfagleg arbeid og folkehelsefokus i planlegging på alle nivå.

Folkehelseplan for Hå har hovudfokus på å leggja til rette for god helse og livsmeistring for alle. Det å vera ein del av eit fellesskap er ein sterk beskyttande faktor for dårleg helse, og underbyggjer behovet for å arbeida med inkludering på alle nivå, i barnehage, skule, fritid, arbeidsliv og i alle aldrar. Eit anna perspektiv me har tatt inn over oss i arbeidet kjem frå ungdommane sjølv. Det er godt å vera med i eit fellesskap, men det vert opplevd som utfordrande å skilja seg ut frå gruppa du høyrer til. I seinare publikasjonar om tobakk- og rusførebygging finn me at noko av det mest effektive er tiltak som fokuserer på anten generell sosial kompetanse eller kombinasjonen sosial kompetanse og sosial påverknad. Dette understreker behov for brei innsats for å skapa trygge Håbuarar i alle aldrar som tek gode livs- og helseval.



Faktorer som påvirker helsen. Kilde: Dahlgren, G., & Whitehead, M., (1991).

## Samandrag

---

### Innleiing

---

#### Føremålet med planen

Hå kommune sin kommunedelplan Folkehelse 2019 – 2023 er ein langsiktig overordna plan for det samfunnsretta tverretatlege folkehelsearbeidet. Planen gjeld for heile Hå kommune, noko som inneber at ei rekkje aktørar skal bidra til at måla i planen vert nådd.

Hå kommune sin visjon «Me løfter i lag» ligg til grunn for tankegangen rundt arbeidet med planen.

Me ynskjer med planen å definera kva indikatorar me vil fylgja særleg med på, og korleis arbeidet med å implementera strategiar for innsats i komande 4 års periode skal vera.

#### Oversiktsarbeid

I forkant av planen er det utarbeidd eit oversiktsdokument som går gjennom tilgjengeleg informasjon og peikar på dei viktigaste utfordringane med folkehelsa me har i kommunen vår.

Det føreligg fleire gode nasjonale undersøkingar som gjer nyttig informasjon om tilstanden i kommunen. Dette gjer at me kan sjå trendar over tid, og at me på ulike vis kan samanlikna oss med andre kommunar og andre regionar. Ei av dei viktigaste kunnskapskjeldene i oversiktsarbeidet er Folkehelseinstituttet sin database, KommuneHelsa sin statistikkbank der Ungdataundersøkinga er ei av dei viktigaste grunnlagsundersøkingane for denne statistikkbanken. Årleg gjer Folkehelseinstituttet ut folkehelseprofilar for kvar enkelt kommune.

Me ynskjer å gjera det tilgjengelege materialet meir synleg og tilgjengeleg. Det vil difor verta lagt til rette for ei eiga nettside med lenker til aktuelle publiseringar, og med fortløpande kommentarar på særlege problemstillingar ved oppdatering.

#### Fokus

I oversiktsdokumentet har me særleg fokus på barn og unge, og på å leggja til rette for god psykiske helse. Dette er noko som og går igjen i folkehelseplanen.

#### Sentrale føringar

- Helse 2020 samlar alle WHO's helseinitiativ i eitt overordna rammeverk. Helse 2020 knyt 53 europeiske land saman i ein felles strategi for folkehelse og trivsel i Europa. Helse 2020 held fram best mogleg livskvalitet for flest mogleg som eit resultat av tverrsektorielt arbeid over tid.
- Lov om folkehelsearbeid ( folkehelselova) Kommunen skal ha naudsynt oversikt over helsetilstanden i befolkninga og positive og negative faktorar som kan verka inn på denne. Oversiktsarbeidet skal ha særleg fokus på utviklingstrekk som kan skapa eller oppretthalda sosiale eller helsemessige problem eller ulikskaper. Oversiktsarbeidet skal inngå som grunnlag for kommunal planstrategi.
- Meld.St. 19 ( 2018-2019), Folkehelsemeldinga — Gode liv i eit trygt samfunn er nyleg publisert. Denne har hovudfokus på tidleg innsats for barn og unge, førebygging av einsemd og mindre sosial ulikskap i helse.

- Meld. St. 19 (2014 – 2015) «Folkehelsemeldingen– Mestring og muligheter» la regjeringa vekt på tre innsatsområde: inkludera psykisk helse som ein likeverdig del av folkehelsearbeidet, gjera det enklare å ta helsevenlege val, og vidareutvikla ein moderne eldrepolitikk for aktive eldre.

### Lokale føringer

- Kommunen er med i Rogaland Fylkeskommune sitt partnerskap for folkehelse. Denne er basert på Regional plan for folkehelse, og samordnar folkehelsearbeidet i Rogaland.
- Planstrategi 2016-2019 tilrår rullering av Folkehelseplan generell del.



### Om planen

Arbeidet med planen er basert på:

- Oversiktsdokumentet for folkehelse i Hå
- Drøftingar i tverrfagleg forum, med tilsette innan opplæring og kultur og tekniske saker og næring.
- Drøftingar internt i helse og sosial.
- Fokusgruppeintervju med ungdommar ved ungdomsklubben på Nærbø
- Drøfting i partnerskap for folkehelse Rogaland

Planen skal rullerast ein gong per valperiode.

### Tilhøve til andre kommunale planar

Folkehelse inngår som ein viktig del av ei rekkje fagområde.

Overordna folkehelseplan skal liggja til grunn for arbeidet med ny planstrategi.

Viktige planar er:

- Folkehelseplanen med underliggjande planar:
  - Plan for helsestasjonsterestene
  - Bustadsosial handlingsplan
  - Rusmiddelpolitisk handlingsplan
  - Plan for vald i nære relasjonar
  - Plan mot barnefattigdom
  - Plan for friskliv, læring og meistring
  - Plan for frivillig arbeid
- Handlingsplan mot urovekkjande skulefråvær
- Kvalitetsplan for barnehage og skule
- SLT handlingsplan
- Hovedplan for vann, vannmiljø og avløp
- Plan for turvegnett
- Klima- og energiplan, klimagassutslipp og handlingsplan for Hå kommune
- Handlingsplan, Ordinære anlegg for idrett og fysisk aktivitet
- Handlingsprogram for trafikkssikkerhet
- Temaplan for anlegg og område for idrett, friluftsliv og kulturbygg
- Omsorgsplan med underliggjande planar:
  - Eldreplan
  - Plan for ressurskrevjande brukarar
  - Rusvernsplan
  - Psykiatriplan
  - Plan for medisinsk rehabilitering


Ivaretaking av folkehelse er elles eit viktig perspektiv innan både arealplanlegging og samfunnsplanlegging.

## Kommunerolla i endring

---

Som illustrasjonen under syner er kommunerolla i endring.

I dag er kommunen på veg mot kommune 3.0. Kommunen og innbyggjarane har som felles mål å samskapa og ta avgjersler for kva som er best for lokalsamfunnet. Saman kan kommunen og innbyggjarane, eller grupper av innbyggjarar, få til meir enn om dei skapa kvar for seg. For det vidare folkehelsearbeidet ynskjer me å leggja til rette for meir involvering av brukarar for å hente inn informasjon og fokusområde.



## Status og videre arbeid


På bakgrunn av oversiktsarbeidet har me valt ut indikatorar innan ulike område der me ynskjer å ha særleg fokus i komande fireårsperiode.

Det vil verta laga ei eiga nettside som samlar og gjer tilgjengeleg utvikling innan desse områda.

Det tverrfaglege arbeidet mellom helse og opplæring/kultur er sentralt i folkehelsearbeidet. Halvårleg vil desse møta ha fokus på folkehelse, og vil inkludera representantar frå avdeling for tekniske saker og næring som har særleg ansvar for saker som angår folkehelse.

Kommuneoverlege og folkehelsekoordinator deltek regelmessig i planressursmøte i tenestområdet for tekniske saker og næring

I det vidare arbeidet vil det verta lagt vekt på forum for brukarmedverknad innan dei ulike fokusområda.



Livet består av ulike fasar og milepælar, og alle desse betyr noko for korleis me har det i livet. Korleis me har det kan knytast til nærmiljøet, staden vi bur, bustaden, skule, barnehage, og om vi føler oss trygge, både fysisk, sosialt og materielt. Korleis vi har det i barnehagen, på skulen og på jobb påverkar livskvaliteten. Det same gjer det å ikkje ha moglegheit til dømes å delta i arbeidslivet.

Eit av måla med folkehelsearbeidet er å jamna ut sosiale skilnadar i helse. Gode arenaer for å oppnå dette er gode barnehagar, skular, eit inkluderande arbeidsliv, og høve til å delta på sosiale arenaer uavhengig av økonomi eller dårlege levekår. Desse sosioøkonomiske tilhøva heng i stor grad saman og legg mykje av grunnlaget for dei sosiale helseskilnadane.

#### A Befolkningssamansetting, indikatorar

- Delen av unge 0-17
- Delen over 80
- Utvikling av folketal
- Utvikling i delen med innvandrarbakgrunn

#### *Befolkningsutvikling*

Alderssamansettinga i kommunen har mykje å seia for planlegging av tenester generelt. Det seier og noko om kva type utfordringar me særleg må ha fokus på. Hå står som landet elles framfor ei eldrebølgje med behov for fokus på god alderdom og god utnytting av tenestetilbodet. Samstundes har kommunen mange barn og unge, og treng fokus på tenester og nærmiljø som gir grunnlag for gode oppvekst- og utdanningsvilkår.

#### *Innvandring/inkludering*

Det er eit tett samarbeid mellom flyktningeininga, NAV og næringslivet i Hå kommune. Tilbakemeldinga er at den lokale forankringa er god. Flyktningeininga tek hand om introduksjonsprogrammet for dei som er kvalifisert til dette. Målet er å oppnå integrering i norsk skule eller arbeidsliv etter gjennomgått program.

#### B Oppvekst og levekår, indikatorar

- Tal på arbeidsløyse
- Delen på arbeidsavklaringspengar og uføretrygd, trendar over tid og alderssamansetting
- Delen på sosialstønad
- Samansetting i utdanningsnivå i foreldregruppa, utvikling over tid
- Delen av barn (0-17) i hushald med låg inntekt

- Delen med sjølveigd bustad
- Trivsel i 7. og 10.trinn
- Lesemeistring
- Utvikling i mobbetal
- Utvikling i kriminalitet blant ungdom
- Fråfall i vidaregåande opplæring

### *Inntekt og sysselsetting*

Inntekt er ein viktig variabel med tanke på helse. Ei årsak til det er at inntektsnivået er med på å bestemma kva slags tilgang du har til helsefremjande faktorar og vern mot risikofaktorar. Me kan generelt sett seie at stor ulikskap i inntekt kan tyda på at det er store helseskilnadar i kommunen. Store skilnadar i inntekt har og noko å seia for den enkelte sine moglegheiter og livskvalitet. Det er derfor viktig å leggja til rette for at dei som bur i kommunen skal ha moglegheit for god utdanning og gode arbeidstilhøve. Hå kommune har liten skilnad i inntekt samanlikna med landet elles, men det viktig at me framleis arbeider mot god sysselsetting for å styrka inntektsgrunnlaget til den enkelte.

Deltaking i arbeidslivet har ein klar effekt på folk si fysiske og psykiske helse. I den seinare tida har det vore eit særskilt fokus på arbeid og psykisk helse. Ein stadig aukande del av dei som fell ut av arbeidslivet har psykisk liding som årsaksforklaring. Det gjeld og for unge som slit med å få fotfeste i utdanningsløp og arbeidsliv. Sjølv om arbeidsmarknaden har betra seg det siste året, er det ein stor del som av ulike årsaker framleis ikkje får fotfeste i arbeidslivet på eiga hand. Dei treng å ha ei tett og grundig oppfølging og avklaring på vegen mot arbeid. Me ser at i mars 2019 er det 206 arbeidsledige i Hå, det utgjer 2% av arbeidsstyrken.

Både norsk og internasjonal forsking viser at barnet sin sosioøkonomiske bakgrunn har tyding for deira utvikling på fleire område (Vardheim, 2013). Ein indikator som me ønskjer å følge med på, er barn i familiar med låg inntekt. NAV har fokus på barnefamiliar som går på sosialhjelp, dei forsøker å hindra at den hjelpa vert varig.

«ALLEMED i Hå», målet er at alle barn uansett foreldra si inntekt skal kunna delta i minst ein fritidsaktivitet. Prosjektet har hatt særleg fokus på å inkludera barn med ikkje norsk bakgrunn, men er for alle som på ulike vis treng hjelp til å delta i organisert aktivitet.

## Barn og oppvekst



Me bør arbeida mot at både barnehage og skule har eit miljø som gjev oppleving av utfolding, mestring og deltaking. Barnehagar som er av høg kvalitet kjenneteiknast med at dei har tilstrekkeleg godt utdanna personale, moglegheit til å danna små barnegrupper, stabilt personell, lett og god tilgang til tverrfaglige team som PPT, helsestasjon, barnevern og SLT. Det same gjeld skulane.

Hå kommune er med i prosjektet «Inkluderande barnehage- og skulemiljø» som er eit kompetanseutviklingsprogram for barnehagar, skular, myndigheitar og eigarar om mobbing og andre krenkelsar. Barnehagane i Hå ønskjer å ha eit stort fokus på tidlig innsats, dvs. å gje barnet hjelp så tidleg som mogleg. Desto tidlegare me kan koma inn med dei rette tiltaka for barnet, desto større sjanse er det for at problema kan betrast. Det er difor særdeles viktig å ha eit personale som har kompetanse til å tidlig fanga opp, avdekka og leggja til rette for desse barna. Tidleg innsats i barnehagen kan vera ei avgjerande investering i barnet sitt liv.



Kvalitetsplan for barnehage 2018-2022

Skulen er ein viktig arena for læring, etablering av sosiale relasjonar og for utvikling av sjølvfølelse og sjølvtilitt. Desse tinga er grunnleggjande for motivasjonen og trua på seg sjølv. Noko som igjen gjer noko med trua på egne evnar til å gjennomføra ei utdanning. Eit godt læringsmiljø er for dei fleste ein føresetnad for gode læringsresultat. Det er derfor viktig at skulane i Hå arbeider målretta for å sikra at utvikling og læring, og fremma trivsel og motivasjon.

Læringsresultata i Hå har over tid lege under landsgjennomsnittet. Elevane i Hå har hatt dårlege resultat i basisfaga. Då me veit at ein av grunnane til elevar droppar ut av skuleforløpet er for dårlege lese- og rekneferdigheitar, er det særst viktig at kommunen tek ansvar og prøvar å snu denne trenden.

### Utdanning

Forsking visar at det er ein tett samanheng mellom utdanning og helse. Det viser seg at utdanning er utgangspunkt, og medverkar til ein rekke prosessar som bidrar til auka helse utover i det vaksne livet. Det visar seg at mange levestilshøve varierar med utdanning. Arbeidstilhøve, materiell levestandar, livsstil og psykologisk belastning er eksempel på dette. Utdanning avgjer kva slag stilling og yrke den enkelte kan få. Dette gjev skilnad i inntekt, noko som igjen fører til skilnad i levestandard og materiell tryggleik.



Figur 2.1. Figur som illustrerer mulige årsaksforbindelser mellom utdanning og helse.

Fråfall frå vidaregåande opplæring er ei stor folkehelseutfordring då dei unge si tilknytning til skule og arbeidsliv er sentral for helse- og livskvalitet. Det viser seg at det er sosiale skilnader mellom dei som gjennomfører og dei som ikkje gjennomfører vidaregåande opplæring. Grupper som har høgare risiko for ikkje å fullføra vidaregåande opplæring er; elevar med svake grunnskulekarakter, elevar med lågt utdanna foreldre, gutar, minoritetsspråklege elevar og yrkesfagelevar med dårlige grunnferdigheitar.

Nasjonalt er det om lag 30 % av elevane som ikkje fullfører vidaregåande skule. Ein av grunnane er at dei har for dårlege lese,- skrive og rekneferdigheiter. Hå kommune skil seg ikkje ut her, og me har dei same utfordringane som resten av landet til å få elevane sine gjennom skuleløpet. For å kunna fanga opp dei elevane som står i fare for å falla frå den vidaregåande opplæringa, er det viktig med eit tett samarbeid mellom oppfølgingstenesta på skulane og kommunen.

For dei elevane som ikkje tek utdanning har me i Hå vore heldige og hatt mange arbeidsplassar der desse elevane har fått seg arbeid. Me veit likevel at samfunnet vert meir og meir komplekst, og det vert stilt krav om høgare utdanning og nye ferdigheiter for å kunna utføra dei oppgåvene og tenestene som trengs i arbeidslivet. I følgje SSB i 2016 tek 20% av unge over 16 år i Hå kommune høgare utdanning. Dette er langt mindre enn elles i landet. Det er difor viktig at kommunen arbeider med å auka delen av unge som tar høgare utdanning i kommunen.

### C Fysiske, biologiske, kjemisk og sosialt miljø, indikatorar

- Del sykkelsti per innbyggjarar
- Nærleik til turstiar
- Deltaking i frivillig arbeid
- Deltaking i kulturskulen
- Bruk av biblioteka
- Nøgd med lokalmiljø
- Einsemd

Stabile og trygge butilhøve er ein viktig del av oppvekst- og levekårstilhøva, og det kan ha ein stor innverknad på folk sin framtidige helsetilstand og livskvalitet. Utover sjølve bustaden har og buområdet og nærmiljøet ei tyding for barna sine moglegheiter til å utfolda seg, særlig dersom økonomien set avgrensingar for deltaking i organiserte fritidsaktivitetar. Det å delta i organisert fritidstilbod er ein viktig beskyttande faktor for barn. Kommunen har deltatt i Barnetråkk, som er ei kartlegging av korleis barn ser på trivsel og tryggleik i nærmiljøet sitt.

### Nærmiljø

I planarbeidet har kommunen som eit av sine viktige punkt å leggja til rette for gode naturlege møteplasser. Dette har vore tanken bak både sentrumsplanarbeidet på Nærbø og det no pågåande planarbeidet rundt Varhaug sentrum. Sidan det frivillige organisasjonslivet står så sterkt i Hå, er det kanskje ekstra viktig å leggja til rette for naturlege møteplasser for dei som ikkje finn sin rette plass i organisasjonslivet.

Kultur og fritidsaktivitetar har ei sentral rolle i å skape gode oppvekstvilkår og for personleg vekst og læring. Gode fritidsaktivitetar har og ei sentral rolle i rus- og kriminalitetsførebygging blant barn og unge. Samarbeid og samordning av tilbod i lag og organisasjonar, kommunale fritidstilbod, kulturskule og grunnskule er viktig.

### Kultur

Kultur er ein viktig arena for god folkehelse. Gjennom deltaking i kulturaktivitet kan identitet og kreativitet utviklast, og oppleving av tilhøyrslse og fellesskap. Det å ta del i meningsfylte kulturaktivitetar medverkar til å auka livskvaliteten.

Forsking viser at dei som er utøvarar innafor kulturlivet sine mange aktiviteter, scorar gjennomgåande høgt på god generell helse. Dette gjeld både aktive utøvarar, støttespelarar og publikum. I kommuneplanen står det at kommunen gjennom kulturtiltak vil driva haldingsskapande arbeid, og leggja til rette for meningsfylte fritidsaktivitetar. Frå eit folkehelseperspektiv er det viktig at kommunen held fram med å leggja til rette for eit godt og bredt kulturtilbod.

### Frivillige organisasjonar

I Noreg og Hå har me lange tradisjonar med å driva frivillig arbeid. Noko av det som kjenneteiknar Håbuen er viljen til å hjelpa kvarandre og delta på dugnad. Dette er me stolte av og ynskjer å vise i kommunen sin visjon «me løfter i lag».

Det gjev ein meirverdi i å engasjera seg for andre, det gjev glede ved å vera engasjert, og det skapar tillit mellom menneske. Det at folk engasjerer seg og tar ansvar i nærmiljøet, førebyggjer einsemd og byggjer fellesskap. Frivilligheit har ein eigenverdi nettopp i kraft av at den er basert på empati, engasjement, initiativ og pågangsmot. ([www.regjeringen.no](http://www.regjeringen.no)). Hå kommune har som mål å utvikla det

frivillige arbeidet i heile kommunen. I Hå kan du vera med på svært mange aktivitetar i regi av frivillige lag og organisasjonar. Den store aktiviteten og mangfaldet er heilt avhengig av frivillig innsats, og er langt over det kommunen eller det offentlege kan få til aleine.

Hå kommune har laga ein eigen plan «Plan for frivillig arbeid». I kommunen ser me at me nå og i tida framover vil vera helt avhengig av det frivillige arbeidet som skjer i kommunen. Gjennom å løfte i lag med dei frivillige laga og organisasjonane, og ikkje minst enkeltpersonar, kan me få til så mykje meir enn om vi står aleine.

#### D Skader og ulykker, indikatorar

- Samarbeid med Akuttmedisinsk kommunikasjonssentral (AMK) om del av ulykker med behov for hjelp frå naudetatane
- Delen av ulykker med skader og død
- Delen av hoftebrot

30 % av alle ulykker skjer i heimen. 10 % av ulykker der barn er skadde, skjer i barnehage eller på leikeplass. Ungdom og unge vaksne vert ofte skadd i samband med idrett og trening. I yrkesaktiv alder er det på landbasis 90000 arbeidsskader, handverkarar, bønder, fiskarar og sjukepleiarar er spesielt utsett for skader.

I tilgjengeleg statistikk er det ikkje funne noko som skil seg ut i Hå. Me vil fylgja med på utviklingstrekk og vurdera behov for lokal overvaking om me ser at noko endrar seg.

I arbeidet med førebygging av skader og ulukker hjå risikoutsette, er det naudsynt med godt tverrfagleg arbeid mellom dei ulike tenestedområda. Desse gruppene utfordrar oss når det kjem til lovverk og ynskje om å hjelpa opp mot manglande evne/vilje til å ta imot hjelp.

Hoftebrot er truleg den viktigaste enkeltskaden der me kan jobba målretta med førebygging. Dette er ei stor helseutfordring for eldre, eit hoftebrot er ikkje sjeldan den faktoren som gjer at helsa skrantar og pleiebehovet stig.

Kommunen er i gang med eit prosjekt for å verta sertifisert som «Trafikksikker kommune». Dette arbeidet inkluderer alle avdelingane i kommunen.

#### E Helserelatert åtferd, indikatorar

- Fysisk aktivitet blant barn og unge, blant vaksne
- Røyketal for gravide
- Røyketal for ungdom

I dei nye Ungdatatala får me oversikt over deltaking i fysisk aktivitet og røykeaktivitet for barn og unge. Røyketal for gravide ligg urovekkjande høgare i Hå. Dette er tal me vil fylgja med på og vurdera spesifikke tiltak.

## F Helsetilstand, indikatorer

- Utvikling av hjarte/karsjukdom
- Delen med registrert psykisk lidning
- Utvikling i tal frå brukarplankartlegging av rusbrukarar med vanskar
- Delen av personar med behov for tenester frå psykisk helse og rus
- Vaksinasjonsdekning

## Førebygging fysisk helse

Det føreligg ein del kunnskap om sunn livsstil som kan førebyggja dårleg fysisk helse.

Folkehelseinstituttet summerer opp og samlar denne informasjonen slik at me kan nyttiggjera oss dette i det lokale frisklivsarbeidet. Me har i oversiktsarbeidet sett at hjarte/kar sjukdommar hjå kvinner kan sjå ut til å skilja seg ut i Hå. Dette treng me å fylgja med på.

Me treng og å fylgja med på utviklinga innan kjent kunnskap om fysisk sjukdom for å sjå om det er særlege grupper innan førebygging som må prioriterast opp.

## Førebygging psykisk helse

Mobbing er ein individuell risikofaktor for psykiske lidningar. Forsking viser at barn som vert mobba har opptil sju gonger høgare risiko for psykiske plagar som angst, depresjon, einsemd og rastlausheit, enn barn som ikkje vert mobba. At det er klar samanheng mellom mobbing og helseplagar understreker kor viktig det er å førebyggje mobbing i skule og barnehage. Hå kommune har tidlegare hatt for høge mobbetal. Det er og viktig å følgje med på statistikk over dei som har vore utsett for mobbing for å seia noko om korleis tiltaka som vert sett i verk fungerer.

Opptrappingsplanen 1999-2008 (St.prp.nr.63) har vore ein pådrivar for arbeidet med psykisk helse i kommunane. I stortingsmelding nr. 25, som var bakgrunn for opptrappingsplanen, var barn og unge si psykiske helse i fokus. Det vart her gjeve meir spesifikke sentrale føringar for arbeidet med denne gruppa. Verdens helseorganisasjon meiner at psykiske lidningar vil vera den viktigaste årsaka til sjukdomsbelastning i vestlege land i 2020. Me har difor ei stor oppgåve dei neste åra med å redusera førekomst av angst, depresjon og rusmiddelproblem for å sikra betre livskvalitet hos enkeltmennesket og redusera totalbelastninga for samfunnet.

I kommuneplanen 2014-2028 står det at personar med psykiske lidningar skal verta gjort best mogleg i stand til å vera ein del av lokalmiljøet, at dei skal verta tekne forsvarleg vare på når dei vert utskrivne frå spesialisthelsetenesta, og at den enkelte skal verta tatt i vare av relevante fagfolk (Plan for psykiatri).

Det me har sett i kommunen er at det er relativt stabilt i forhold til rus og dei med dei alvorlege psykiske lidiane. Det er derimot ein stor auke i dei milde og milde/moderate plagene, og me ser ein auke blant kvinner under 30 år.

Kartlegging av rusbrukarar med vanskar vert følgt opp årleg. Til hausten skal Hå i gang med Sterk&Klar, som er eit program om førebygging av rusbruk retta mot foreldre på ungdomstrinnet. Det er gratis for kommunen det første året, men vil prioriterast vidare om erfaringane er gode.

I det kriminalitetsførebyggjande arbeidet (SLT) i Hå kommune ønskjer vi å retta hjelpa mot barn og unge som er i risikosona for å utvikla ein kriminell karriere.

I eining for psykisk helse og rus har dei det siste året hatt ei prosjektstilling retta særleg mot dei unge rusbrukarane for å koma tidleg til med hjelp.

### Helsestasjon og skulehelsetenesta

Helsestasjonane fylgjer foreldra og ungane tett gjennom svangerskap og fyrste leveår. Helseundersøkingane rettar seg mot den fysiske og psykiske helsa til barn i kommunen, men også hjå heile familien. Helsesjukepleiarane har spesielt fokus på å oppdaga vald og overgrep mot barn.

Skulehelsetenesta har mange faste treffpunkt med elevane gjennom grunnskulen. På same måte som på helsestasjon jobbar helsesjukepleiar med å førebyggja og å fremma god fysisk og psykisk helse. For å sikra tidlig innsats har me mest ressursar på barneskulane, og har store stillingar på skulane.

Dette er eit lågterskeltibod der ein ikkje treng å bestilla time. Ungdommane kan ta opp spørsmål om både fysisk og psykisk helse.

Helsestasjonane har ansvar for barnevaksinasjonsprogrammet.

### *Tverrfagleg arbeid*

Kommunen har over lengre tid arbeida med å sikra det tverrfaglege samarbeidet og samhandlinga retta mot barn og unge. Kommunen sin modell for det tverrfaglege samarbeidet har som hovudmål å sikra tidlig innsats og rett hjelp til barn og unge. Modellen har tre nivå – individnivå, tenestenivå og kommunenivå – og beskriv korleis me jobbar for å sikra den tverrfaglege samhandlinga når barn eller unge treng hjelp.

«Saman om god oppvekst!» er eit tverrfagleg foreldrerettleiingsprogram som er retta mot alle foreldre til barn i alderen 1-12 år.

## Anbefalte fokusområde :

---

Gode levekår som utjamnar ulikskap

Alle med i fellesskapet gjennom heile livet

Strategiar:

- Fokus på kvalitetsplan for barnehagar og skular
- Tidleg tverrfagleg innsats frå helsestasjon til barnehage og skule
- Leggja til rette for inkludering i organiserte aktiviteter uavhengig av språk og inntektsmogelegheiter og alder.
- Inkluderande arbeidsliv og språktilbod
- Sikra trygge og trivelege bumiljø for alle
- Leggja til rette for ulike typar frivillig innsats

## Nærmiljø

Gode og sunne nærmiljø som legg til rette for fysisk aktivitet og sosialt samspel

Strategiar:

- I planarbeidet leggja til rette for opne og enkle møteplassar i lokalsamfunnet
- Leggja til rette for gåande og syklende
- Gjera friområde lett tilgjengelege
- Prioritera opne anlegg for idrett og friluftsliv
- Fokus på arbeid med trafikktryggleik

## Fysisk helse

Tilrettelegging for kvardagsaktivitet

- Leggja til rette for gåande og syklende
- Fokus på arbeid med friskliv
- Leggja til rette for lågterskel aktivitetstilbod for alle aldersgrupper
- Informasjonsarbeid og tilrettelegging for fysisk aktivitet i skulen
- Ha fokus på utvikling i røykeåttferd

## Psykisk helse og rus

God psykisk helse og trivsel, utan rus

- Arbeida for å utjamna sosiale skilnader i psykisk helse
- Godt tverrfagleg koordinert tidleg innsats
- Auka fokus på undervisning om psykisk helse i skule, for innbyggjarar og tilsette
- Haldingsskapande arbeid for barn, ungdommar og foreldre
- Gode rusfrie aktivitetstilbod for ungdom
- Ansvarleg alkoholpolitikk

## Aktive og deltakande eldre som får bu lenge heime

Aktivitet, deltaking og sosialt fellesskap er viktig for alle menneske gjennom heile livet. For å kunna ha ei så god helse og funksjon som mogleg er det ein nødvendig føresetnad. Mange eldre er isolerte og einsame, og det har ein negativ innverknad på helse og funksjon ([www.regjeringen.no](http://www.regjeringen.no)).

- Auka fokus på frivillig arbeid med deltaking blant eldre
- Spesifikt fokus på eldre i frisklivssentralane
- Kvardagsrehabilitering
- God rehabilitering ved akutte sjukdommar og skader
- Fokus på digitalisering og andre hjelpemiddel som gjer det lettare å bu heime lenge

## Vedlegg

---

### *Aktuelle lover og planar:*

- Helse 2020
- Lov om folkehelsearbeid ( folkehelselova)
- Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven)
- Meld.St. 19 ( 2018-2019), Folkehelsemeldinga — Gode liv i eit trygt samfunn
- Meld. St. 19 (2014 – 2015) «Folkehelsemeldingen– Mestring og muligheter»
- Folkehelseinstituttet sine folkehelsesider
- Helsedirektoratet sin vegleiar for folkehelsearbeid

- Rogaland Fylkeskommune : Partnerskap for folkehelse, Politiske føringar for folkehelse. Oversikt over helsetilstanden, Helsefremmende planlegging, Psykisk helse, Sunne levevaner
- Oversiktsdokument Hå kommune
- Lokale planar